



J Tufteland AS
Postboks 131
5401 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4189 - 17/26634

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.09.2017

Ferdigattest - einebustad - gbnr 202/156 Hjelmås

Administrativt vedtak. Saknr: 432/17

Tiltakshavar: Justyna Hajduk og Krystian Niemiec

Ansvarleg søkjar: J Tufteland AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.04.16. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.12.16 og endeleg supplert 15.09.17.

Sakshistorikk

Då det ved søknad om ferdigattest 30.12.16 og 22.05.17 ikkje vart dokumentert at vilkår gjeve i vedtak datert 30.12.16 vart søknaden avvist. Tiltakshavar har på eige initiativ sendt inn dokumentasjon på bruksløyve på infrastruktur fram til gbnr. 202/156, det ligg per 15.09.17 føre godkjent ferdigmelding frå røyrleggjar.

Ansvarleg søkjar må oppdatere sine interne rutiner og sjekklister for å fange opp vilkår gjeve i løyve og unngå at desse avvika gjentar seg.

Skildring

Adresse:	Helleåsen 18 A og B
Bygningstiltak:	Einestad med sokkelhusvære
Bygningsnummer:	300554841
Bruksareal:	184 m ²
Vatn og avlaup:	Offentleg

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad med sokkelhusvære på eigedom gbnr. 202/156.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/4189

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

J Tufteland AS	Postboks 131	5401	STORD
Justyna Hajduk og Krystian Niemiec	Viddalen 20	5122	MORVIK
Krystian Marian Niemiec	Helleåsen 18 A	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

J Tufteland AS	Postboks 131	5401	STORD
----------------	--------------	------	-------